WWW.STORDNAERINGSRAAD.NO

2019



Alle tilsette ved Kværner på Stord markerer at selskapet var 100 år i 2019

# ÅRSMELDING

SNR
STORD NÆRINGSRÅD




Zpirit er eit fullservice reklame- og kommunikasjonsbyrå som tilbyr heile tenestespekteret, frå forretningsutvikling og strategisk rådgjeving til utvikling av digitale applikasjonar og effektive kommunikasjonsløysingar i alle medium og format.

zpirit

VISJON

# STORD NÆRINGSRÅD SKAL VERA DET SJØLVSKRIVNE FORA FOR DISKUSJON AV SPØRSMÅL SOM VEDKJEM NÆRINGSLIVET I STORD

MÅL

1. SNR skal vera ein synleg interesse-organisasjon
2. SNR skal vera talerøyr for næringslivet i Stord kommune
3. SNR skal arbeida for eit lokalsam-funn med fokus på verdiskaping
4. SNR skal styrkja Stord sin identitet som by, og som handels- og regionsenter
5. SNR skal driva i økonomisk balanse

2019 har vore eit år med svært høg aktivitet i Stord Næringsråd, som speglar eit aktivt næringsliv med bortimot full sysselsetting.

Det er store endringar i mange bransjar, og me ser at det er stort press på marginar og tradisjonelle konsept. Dette pregar handel- og servicebransjen spesielt.

Sørleg kryssing av Langenuen, og stadig betre konsept for bruløysing over Bjørnafjorden har i løpet av året gitt ny optimisme for Hordfast. Stord Næringsråd held fram det tette samarbeidet langs kysten for å sikre at ferjefri E39 kjem på plass, og skapar den mobiliteten næringslivet treng for å sikre tilgang på kompetanse og styrking av konkurransekrafta.

Under Folk i sentrum arrangementet i mai delte me for første gong ut «Folk i sentrum prisen» saman med DNB. Kriteria for prisen er berekraft og samfunnsansvar, og det vart godt motteke at prisen gjekk til redaktør i Framtida.no; Svein Olav B Langåker.

Stordkonferansen 12. juni markerte 20 år med konferansen, og ikkje minst 100 år med industri hos Kværner på Stord. Statsminister Erna Solberg opna Stordkonferansen før ho la ned grunnsteinen til det nye kaianlegget til Kværner. Stordkonferansen er Stord Næringsråd sitt største arrangement, med 220 deltakarar i 2019. Stordkonferansen gjer også viktige inntekter til Stord Næringsråd.

I regi av Samarbeidsrådet for Sunnhordland har Stord Næringsråd vore med i Regionalt Kompetanseteam Sunnhordland, og gitt innspel til fylket kva type kompetanse som vert viktig i åra framover.

I løpet av året har me hatt ti frukostmøter inkludert møte med Norges Bank og Oljefondet. Samla sett har me hatt 722 deltakarar på frukostmøta i 2019. Arrangementa vert nærare omtalt i årsmeldinga.







STORD KONFERANSEN 20år

*Bilder frå Stordkonferansen 2019*



## STYRET HAR I 2019 HATT DENNE SAMANSETJINGA:

**Karoline Eldøy**
ABO Plan & Arkitektur Stord
Styreleiar

**Anna Birgitte Bore**
Fronta
Styremedlem

**Einar Almås**
DNB
Styremedlem

**Simen Aarskog**
SPV
Varamedlem

**Martin Tveita**
Stord Hotell
Nestleiar

**Mats Tonning**
Serit iDrift
Styremedlem

**Kristine Aarsand Engelsen**
W. Engelsen Ettf.
Styremedlem

**Øystein Kvalvik**
Leirvik AS
Varamedlem

Den framlagde resultatrekneskapen og balanse med tilhøyrande noter, gjev etter styret si oppfatning eit korrekt bilete av resultatet i 2019 og den økonomiske stoda ved årsskiftet. Stord Næringsråd har i 2019 hatt tre hovudsamarbeidspartnarar. Resultatrekneskapen syner eit overskot på kr: 37.384,-

I samsvar med rekneskapslova §3-3 stadfestar styret at føresetnaden om vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

Anne-Grete Sandtorv er tilsett i 100% stilling som dagleg leiar.

Det har vore sju styremøter i 2019. Det er i 2019 ikkje utbetalt løn eller honorar til styret.

Arbeidsmiljøet er godt, og det er ikkje rapportert om skader eller ulykker på arbeidsplassen. Selskapet har som mål å vera ein arbeidsplass der det er full likestilling mellom kvinner og menn. Det er ikkje utført forsking i 2019. Verksemda medfører korkje forureining eller utslepp som kan vera til skade for det ytre miljø.

Årsmeldinga er utforma av Zpirit Reklamebyrå. Framsidefoto: Øyvind Sætre

# LITT OM KVART

| MEDLEMS-REKRUTT-ERING | 153 | 7 | 11 |
|---|---|---|---|
| | MEDLEMMER (PR. 31.12.19) | MEDLEMMER GÅR UT | NYE MEDLEMMER I 2019 |

## Samarbeid Skule – Arbeidsliv

Samarbeid Skule – Arbeidsliv inviterte for 10. år på rad til Miniseminar på Utdanningsmessa.

Målsetjinga med seminaret er å komma i direkte dialog med rådgjevarar, lærarar, skuleeigarar, NAV og næringslivet, for å presentera og diskutera viktige tema for samarbeid mellom skule og arbeidsliv. På miniseminaret 23.januar vart erfaringane frå pilotprosjektet UngTekno presentert. Dei gode erfaringane og interessa for prosjektet har ført til at prosjektet vert rulla ut i full skala.

## Kriminalitet i arbeidslivet

I samarbeid med Fellesforbundet og Atheno sette me den 14. mars fokus på kriminalitet i arbeidslivet. Aktørar frå A-krim, lokalt politi og Næringsforeningen i Stavanger bidrog med å synleggjere korleis useriøse aktørar opererer. Arbeidslivskriminalitet og svart arbeid undergrev samfunnsstrukturen vår og er konkurransevridande for næringslivet.





## «Folk i sentrum prisen» vart delt ut 2. mai i samarbeid med DNB til Svein Olav B. Langåker

## Samling hovudsamarbeidspartnarar og fokus på kommuneplanarbeid

30. september samla Stord Næringsråd dei tre hovudsamarbeidspartnarane; Kværner, Sparebanken Vest og Haugaland Kraft med utfordringa; Kva rammevilkår vert avgjerande viktig for utvikling av di verksemd i eit 5-10 års perspektiv?

Gode innspel frå møtet gav, saman med innspel frå medlemmene på frukostmøte 3. oktober, grunnlaget for høyringsuttale til Stord kommune sin kommuneplan.

# ÅRSFESTEN

**På årsfesten 25.oktober slo Stord Næringsråd på STORtromma saman med Sagvåg Musikklag, og samla 80 gjester til flott markering på Stord Hotell.**

**Næringsprisen vart delt ut i samarbeid med Sparebanken Vest, og i sterk konkurranse med Sunnhordland Eiendomsinvest og Byrået Design & Profilering, var det Stord Hotell som vart tildelt Næringsprisen 2019.**



Frå venstre Svein Ottesen Sparebanken Vest, Karina Stokke Mæhle og Aud Lillian Hansen frå Stord Hotell og Anne-Grete Sandtorv Stord Næringsråd.

**Næringsprisen 2019 er tildelt**

## Stord Hotell

### ved Martin Tveita

**med følgjande grunngjeving:**

"

Stord Hotell er ein aktør som gjennom fleire tiår har vore ein nøkkelspelar i næringslivet på Stord.

Dei vågar å satse og fornya seg, og har gjennom skiftande tider og konjunktursvingingar vist evne til å gjer dei rette grepa for å sikre god drift.

Stord Hotell er ein viktig institusjon i lokalsamfunnet kor mange har hatt minnerike opplevingar.

For andre næringslivsaktørar og det offentlege er Stord Hotell ein viktig samarbeidspartnar for å skape dei beste rammene for alle typar arrangement.


FRUKOSTMØTA
VÅR FASTE MØTEPLASS FOR
PÅFYLL OG RELASJONSBYGGING

**13. FEBRUAR**

**Den 13.februar** var det frukostmøte med Sparebanken Vest, og tema Tid for endring – behov for å styrka di indremedisinske verktøykasse? 143 deltakarar fekk med seg flotte foredrag som vart toppa av lege og professor Ingvard Wilhelmsen. Med foredraget «Sjef i eige liv» skildra han korleis me som enkeltpersonar handterer usikkerheit, risiko og omstilling. Bodskapet hans var; Vel haldningar som er nyttige for deg!

---

**21. FEBRUAR**

**Den 21.februar** fekk me fagleg påfyll i Excel, og heile 51 ønska bli den nye Excel-helten på kontoret! Kjell Larsen frå Tveit Rekneskap tok oss gjennom grunnleggande strukturar og god praksis. Og ikkje minst fekk me gode tips for smarte formlar og tabell med filtrering.

---

**28. MARS**

**Den 28.mars** kombinerte Stord Næringsråd frukostmøte i Haugaland Kraft sine nye lokale på Heiane med påfølgande årsmøte. Dei 64 frammøtte fekk synfaring i den nye flotte lokala til Haugaland Kraft, samt høyra meir om bruk av solenergi for privatmarknaden.

---

**11. APRIL**

**Den 11.april** var det frukostmøte kor me spurte bedrifter; Kva bala du med? Dei 50 frammøtte blei betre kjent med SKAG og med Borggata Futurum sine planar for Stord Helsepart og nytt hotell på Nattrutekaien. I tillegg vart Næringsbarometeret til Tveit Regnskap presentert av bedriftsrådgjevar Kjell Larsen.

---

**10. MAI**

**Den 10.mai** fekk me visesentralbanksjef Jon Nicolaisen frå Norges Bank og Oljefondet sin nestleiar Trond Grande på besøk. Saman med Sparebanken Vest samla me 132 gjester til frukostmøte med spanande foredrag om utsiktene for norsk økonomi og forvaltning av petroleumsfondet. I tillegg fekk dagleg leiar i Sustainable Energy AS, Willie Wågen presentert Norsk katapult-senter. Steinar Røgenes frå Kværner presenterte hjørnesteinsverksemda, og var også vertskap for omvising på Njord plattforma og lunsj med dei tilreisande i etterkant.

---

**14. AUGUST**

**Den 14.august** var det Varehandels-rapporten i regi av SpareBank1 SR-bank som var tema på frukostmøte. Me samla 58 medlemmer, hovudsakeleg frå handel- og servicenæringa, og regiondirektør i SR-bank Erik M Throndsen gav oss ei god innføring i utviklinga.

---

**29. AUGUST**

**Den 29.august** samla me 55 medlemmer til frukostmøte saman med Azets Insight AS, og me sette fokus på sjukefråvær. Seniorrådgjevar Marit Vistekleiven i Azets Advisory innførte begrepet «nærværsårsaker» og snakka om viktigheita av godt leiarskap og god trivsel for å forebygga sjukefråvær.

---

**3. OKTOBER**

**Den 3.oktober** var det Kommuneplanprosessen og innspel som var tema. Kommunalsjef Lovise Vestbøstad tok dei 34 deltakarar gjennom plantema og framdrift. I ein workshop leia av Atheno, jobba me i grupper med problemstillingane: Viktigaste rammevilkår for bedriftene dei neste 5-10 åra, og kva som er viktig for utvikling av kommunen. Alle innspel vart samla og forankra i FN sine berekraftmål og er sendt som høyringsnotat til Stord kommune.

---

**7. NOVEMBER**

**Den 7.november** samla me 90 deltakarar til frukostmøte med Kværner på Stord Hotell. Fungerande verftsdirektør Terje Johansen orienterte om pågåande aktivitetar og nye satsingsområde. Prosjektleiar Heine Haktorsen orienterte om satsinga på serieproduksjon av FPSO-ar og investeringane som er gjort på nytt kaianlegg. Satsinga innafor fornybar-området vart presentert av leiar for Forretningsutvikling Niklas Indrevær, og ikkje minst den ferske tildelinga på 1,5 milliardar på Hywind Tampen var gode nyhende for dei frammøtte. Offshore vind er ein stor framtidig marknad, som Kværner vil ta sin del av.

---

**12. DESEMBER**

**Den 12.desember** var årets siste frukostmøte. Tema: Ka bala du med? samla 45 deltakarar i Kunnskapshuset kor fem ulike bedrifter fekk presentert seg. Me vart betre kjent med Fitnessinvest, Bralunsj, RagnSells, Azets Insight og Stord Hotell.



# MEDLEMMER

**A**

ABACUS-IT AS
ABB STORD
ABO PLAN & ARKITEKTUR STORD AS
ADECCO NORGE AS
ADVANTEC AS
ADVOKATKONTORET SUNNHORDLAND AS
AG MG INVEST AS
AKTIV SUNNHORDLAND
AKTIMED NORGE AS
AKTUM EIGEDOMSUTVIKLING AS
ALLIANCE+ AS
ALMAAS HOTELL STORD AS
AMFI STORD SENTERFORENING
ARITECH AS
ATHENO AS
AXENTA AS
AZETS INSIGHT AS avd. Bømlo

**B**

BAKERIET FRUGÅRD
BDO AS
TORE M BJELLAND
BK MARINE AS
BOOS PEOPLE & OPPURTUNITIES AS
BRALUNSJ.NO
BRILLERIET AS
BYRÅET SYDVEST
BYTUNET AS

**C**

CITYCON HEIANE DRIFT AS
COACH SANDTORV DEVELOPMENT
COAST APARTMENT AS
COGNIZANT
CONTESTO AS

**D**

DNB

**E**

ECIT STORD AS
ELDØYANE NÆRINGSPARK AS
W. ENGELSEN ETTF AS
ENGEVIK BYGGSENTER AS
ERKO SETTEFISK AS
EXPERIS AS

**F**

FINERO AS
FITNESSINVEST
FOTOGRAF ØYVIND HJELMEN
FRAMCOM AS
FRONTA AS - FRONTAGRUPPEN
FUNKWORKS AS
FYLKESNES BIL AS
JOHN FØRLAND

**G**

GALLERI GIGA
GENIE AS
GLASS & BYGGTEKNIKK AS
GRAND HOTELL STORD AS
GROV FORSKALING AS
GROV GRASKLYPP AS

**H**

HAGA MAT AS
ODD HANSEN PROSJEKT AS
HAUGALAND KRAFT AS
HEIANE BIL AS
HELLE ELECON
HSO - HAUGALAND & SUNNHORDLAND
OPPLÆRINGSKONTOR FOR ELEKTROFAG
HØGSKULEN PÅ VESTLANDET

**I**

IBOX
IF SKADEFORSIKRING
INGENIØR ØYVIND JØRGENSEN AS
INTEROPTIK SELE AS
INVIA AS
ISS FACILITY SERVICES AS

**J**

JENTESPRANGET AS

**K**

KAIBAKKEN HOLDING AS
KLEIVO HOLDING AS
KONTADO AS
KPMG AS
KUNNSKAPSHUSET AS
KVÆRNER

**L**

MAGNE LANGÅKER, FOTOGRAF
LEARNTOFLY.NO
LEIRVIK AS




Foto: Tor Resser

**L**
LEIRVIK SENTRUMSFORENING
LINK ARKITEKTUR
LIV's SYNYTT
LK INTERIØRARKITEKTUR AS
JON LUND
LAASTAD PLUSS & MINUS AS

**M**
MADSEN OG BREKKE AS
MEDIEHUSET SUNNHORDLAND
MS SUNNHORDLAND
MULTICONSULT

**N**
NAV ARBEIDSLIVSSENTER HORDALAND
NAV SUNNHORDLAND
NCE MARITIME CLEANTECH
NEPTUNE PHARMA AS
NITO NORD-ROGALAND OG SUNNHORDLAND
NORCE NORWEGIAN RESEARCH CENTRE AS
NORENGROS K.J.BRUSDAL AS
NORSEA STORDBASE AS
NUEN

**O**
OPERO AS
GUNVALD OTTESEN

**P**
PACTA AS
PEOPLE STORD
PRINT OG RAMME AS

**R**
RANDSTAD AS
RESPONSA
RAGN SELLS AS

**S**
SALT SHIP DESIGN
SERIT IDRIFT
SKAG DESIGN
SKYE SOLUTIONS, AVD.STORD
S. KNUDSEN HOLDING AS
SPAREBANKEN VEST
SPAREBANK 1 SR-BANK, Stord
STOMAS AS
STORDING AS
STORD EIENDOM
STORD ENGINEERING AS

**S**
STORD FOLKEHØGSKULE AS
STORD HELSEPARK
STORD HOLDING AS
STORD HOTELL AS
STORD INNKVARTERING
STORD KOMMUNALE EIGEDOM AS
STORD KOMMUNE
STORD KONFERANSESENTER/VEVOS AS
STORD MOBILKRAN AS
STORD VIDAREGÅANDE SKULE
STORD24
STUDALEN AS
SUBSHORE.NO AS
SUNNHORDLAND BIL AS
SUNNHORDLAND EIENDOMSINVEST AS
SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS
SUNNHORDLAND LUFTHAMN AS
SUNNHORDLAND MUSEUM
SUNNHORDLAND NATURGASS AS
SUNNHORDLAND TRAFIKKOPPLÆRING AS

**T**
TEKNISK BUREAU
TESS
TIDE BUSS AS
J. TUFTELAND AS
TVEIT REGNSKAP AS
TYSNES SPAREBANK

**V**
VALVATNE-GRUPPA
VARMTHUS HANS INGVAR ROMSLOE
VELVÆRETUNET AS
VESTBO
VEST CATERING AS
VEST LYDSERVICE AS
VIKSE AS

**W**
WÄRTSILÄ NORWAY AS

**Y**
YTRE SUNNHORDLAND OPPLÆRINGSKONTOR
YSST HMS

**Z**
ZENIT ENGINEERING AS
ZPIRIT AS

# HOVUDSAMARBEIDSPARTNARANE

SparebankenVest

WWW.SPV.NO

## SPAREBANKEN VEST
**– Vestlandets eigen sparebank i 197 år**

Sparebanken Vest er ein frittståande sparebank med røter tilbake til 1823. Banken er landets nest eldste bank, og i dag er Sparebanken Vest den tredje største sparebanken i landet. Banken er ca. 60 prosent samfunnseigd og 40 prosent eigd av private eigarar gjennom eigenkapitalbevis på Oslo Børs.

Hovudkontoret ligg i Bergen, og banken yte tenester i personmarknaden, næringsliv og offentleg sektor i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane. Sparebanken Vest har 33 kontor - frå Måløy i nord til Nærbø i sør og totalt 732 medarbeidarar.

Forretningsideen til banken er todelt, basert på bankdrift, men òg på samfunnsengasjement. Visjonen til Sparebanken Vest er at alt dei gjer, gjer dei for å bidra til at livet på Vestlandet skal verte enno litt betre.

Utanom tradisjonell finansiering, engasjerer banken seg på ei rekke områder. Eksemplar på dette er initiativtakar og støttespelar i ei rekke klyngjesamarbeid, finansiell støttespelar til studieprogrammet brytningstid på NHH, arrangør av Vestlandskonferansen som er ein møteplass for vestlandsbedrifter, samt at me tilbyr eit profesjonelt tilbod til start-up selskap på Vestlandet.

Dei siste 10 åra har banken delt ut over 1 milliard kroner til allmennyttige føremål på Vestlandet. Nytt av 2020 er at Sparebanken Vest innfører kundeutbytte kombinert med gåvemidlar. På bakgrunn av årsresultatet til banken i 2019 vil det bli utdelt MNOK 339 i kundeutbytte og MNOK 112 i gåvemidlar i 2020.

Banken støttar ei rekke lag, organisasjonar, arrangement, festivalar, klyngesamarbeid, næringsforeiningar og andre foreiningar i lokalsamfunna på Vestlandet.

Saman gjer vi det betre.

HAUGALAND KRAFT

WWW.HKRAFT.NO

## Haugaland Kraft – et selskap som går «motstrøms»

Strategien vår går «motstrøms» i forhold til store deler av bransjen. Vi ønsker å ha mest mulig ressurser i eget hus. Vi ønsker vekst fordi vi i en større enhet er bedre rustet til å trygge og utvikle arbeidsplasser, og gir mer effektiv drift. I alt vi gjør har HMS viktigst fokus; «Ta to» før du setter i gang arbeid og vurder sikkerhetsrisikoen. Vi har fokus på effektivitet, og utstyrer våre ansatte med moderne verktøy. Vi tror på desentralisert arbeidsmodell og fremtidsrettet digitale kundeløsninger. Stord er et viktig knutepunkt for all vår satsing i Sunnhordland.

Haugaland Kraft er opptatt av å utvise stort samfunnsansvar og tar sikte på å være en av de største lærebedriftene i regionen. Vi ble kåret til årets lærebedrift av Rogaland Fylkeskommune og i juryens begrunnelse stod det blant annet:

**Haugaland Kraft kjennetegnes blant annet av å ha et godt system for opplæring av lærlinger og lærekandidater, samarbeid med skoler og jobber aktivt med å skape et godt arbeids- og læringsmiljø som fremmer utvikling og læring, både som fagarbeidere og menneske.**

I Haugaland Kraft har vi en målsetting om at ti prosent av de ansatte skal være lærlinger eller ansatte med avtale om arbeidstrening. I 2019 utgjorde lærlingene 9,3 prosent av de fast ansatte. Konsernet jobber aktivt med rekruttering av lærlinger og har et sosialt engasjement for de som ikke går standardveien til fagbrev.

Vi er også en betydelig bidragsyter til kultur- og idrettslivet, samt frivillig barne- og ungdomsarbeid på Stord

**Haugaland Kraft er med på å bygge regionen Sunnhordland – Haugaland – Indre Ryfylke**

KVÆRNER™

WWW.KVAERNER.COM

**Kværner på Stord markerte i 2019 verftet sitt 100-årsjubileum. Jubileet vart feira gjennom heile året, med ulike tilstellingar for tilsette, kundar, samarbeidspartnarar, pensjonistar og lokalsamfunn.**

Dei viktigaste prosjekta for Kværner på Stord i 2019 har vore Johan Sverdrup bustadplattform, Johan Sverdrup tilleggsmodul til stigerøyrsplattforma, Njord og Johan Castberg. Kværner presenterte hausten 2019 ein oppdatert strategi med satsing på fornybar energi og flytande produksjonsskip, i tillegg til den tradisjonelle marknaden. Kværner hadde eit gjennombrot på fornybarmarknaden ved at ein vann oppdraget med å byggja betongunderstella til dei 11 flytande vindmøllene til Hywind Tampen.

Det har vore stor aktivitet på verftet gjennom heile året, med over 5000 personar engasjert i prosjekta. Den store aktiviteten har mellom anna medført behov for ekstra leirkapasitet. Kværner etablerte difor hausten 2019 ein mellombels leir på Heiane, noko som auka den totale innkvarteringskapasiteten til nærmare 1500 personar.

Njord har vore det største prosjektet på verftet i 2019. Det enorme ombyggingsarbeidet har blitt større ved at kunden Equinor har gitt Kværner oppdraget med å tilretteleggja plattforma for mottak av olje frå felta Bauge og Fenja, i tillegg til diverse vedlikehaldsoppdrag som dei ønskjer å få gjort medan plattforma ligg til kai. Kværner har i tillegg blitt tildelt opsjonen for offshore oppkopling.

Johan Sverdrup bustad- og utstyrsplattform vart levert i mars 2019. Dette var eit samarbeidsprosjekt (joint venture) med engineeringsselskapet KBR, og med Leirvik AS som stor underleverandør på bustadmodulen. Prosjektet vart levert på plan, og oppkoplinga – som Kværner også hadde ansvar for – vart gjennomført på under to veker.

Parallelt har Kværner saman med Aker Solutions gjennomført den største av påkoplingsjobbane på Johan Sverdrup-feltet, på den store stigerøyrsplattforma.

Kværner tok i november del i Equinor si storstilte feiring av produksjonsstart på Johan Sverdrup og markering av at fase 1 av gigantprosjektet er ferdig.

Johan Castberg-prosjektet har hatt modulproduksjon på 10 ulike lokasjonar, fem stader i Polen og langs heile norskekysten i Egersund, på Stord, i Verdal, Sandnessjøen og Hammerfest. Framover blir fokuset ferdigstilling av modulane og førebuing til integrasjonsfasen kor modulane skal løftast om bord skroget.

Modulproduksjonen går også for fullt på Stord og i Polen til den 4300 tonn tunge tilleggsmodulen Kværner og Aker Solutions skal levera til stigerøyrsplattforma til Johan Sverdrup.

Parallelt med desse prosjekta nærmar kaiprosjektet seg ferdig. Kaifundamenta, inkludert piren, kom på plass i løpet av 2019, og kaien vil som planlagt stå klar i mai 2020.




Frå venstre Steinar Røgenes, Kronprinsen og Leif Nilsen




UngTekno på Stordkonferansen 2019

# FRAMTID

**Det vil i løpet av 2020 verta endringar i administrasjonen i Stord Næringsråd. Dagleg leiar gjennom 12 år, Anne-Grete Sandtorv, vil gå over i ein tidsavgrensa prosjektstilling i 80% og ha ein 20% fast stilling i Stord Næringsråd. Det vil bli lyst etter ny dagleg leiar våren 2020 med plan om tilsetjing 1. september. Prosjektstillinga er innafor Sirkulærøkonomi og føreset at finansiering er på plass før oppstart.**

Ei medlemsundersøking gjort i januar 2020 i samarbeid med Næringsalliansen og Sogn- og Fjordane Næringsråd, syner at tilgang på kompetent arbeidskraft  er det næringslivet peikar på som den viktigaste innsatsfaktoren for vidare vekst. I tillegg til gode skular, styrking av lærlingordninga og tiltak mot fråfall i skulen, vert det viktig å halde opp trykket for å få større mobilitet i arbeidslivet. Dette skjer best med å byggje ut infrastruktur, og lage større bu- og arbeidsmarknader.

Stordkonferansen 3. juni vil ha hovudtema «Havet – vår felles ressurs». Vår kompetanse frå Offshore olje- og gass vil vera grunnlaget for arbeidsplassutvikling innan havbaserte næringar som Offshore vind.
Havet sin betyding i eit større miljøperspektiv vil bli synleggjort, og til Stordkonferansen 2020 kjem mellom anna Haakon Steinar Vatle, direktør for Statsraad Lehmkuhl for å presentera «One Ocean», ei jordomsegling som markerer FNs tiår for havforsking.

# FN SINE BEREKRAFTMÅL




STYRET I STORD NÆRINGSRÅD - STORD, DEN 4.MARS 2020

# STYRET I STORD NÆRINGSRÅD

**Karoline Eldøy**
Styreleiar

**Martin Tveita**
Nestleiar

**Anna Birgitte Bore**
Styremedlem

**Einar Almås**
Styremedlem

**Mats Tonning**
Styremedlem

**Kristine Aarsand Engelsen**
Styremedlem

# RESULTATREGNSKAP

| Tittel | Note | 2019 | 2018 |
| --- | --- | --- | --- |
| **Driftsinntekter og driftskostnader** | | | |
| Salgsinntekt | | 1 929 239 | 1 681 073 |
| Sum driftsinntekter | | 1 929 239 | 1 681 073 |
| Varekostnad | | 660 321 | 525 602 |
| Lønnskostnad | 4 | 960 646 | 923 447 |
| Avskrivning av driftsmidler | | 0 | 6 600 |
| Annen driftskostnad | 4, 5 | 271 749 | 242 132 |
| Sum driftskostnader | | 1 892 716 | 1 697 781 |
| Driftsresultat | | 36 523 | -16 707 |
| **Finansinntekter og finanskostnader** | | | |
| Annen renteinntekt | | 1 528 | 1 554 |
| Annen rentekostnad | | 666 | 514 |
| Resultat av finansposter | | 862 | 1 040 |
| Årsresultat | 6 | 37 384 | -15 667 |
| **Overføringer** | | | |
| Avsatt til annen egenkapital | | 37 384 | 0 |
| Overført fra annen egenkapital | 6 | 0 | 15 667 |
| Sum overføringer | | 37 384 | -15 667 |

STORD, 04.03.2020

| Karoline Eldøy | Martin Tveita | Anna Birgitte Bore | Mats Tonning |
| --- | --- | --- | --- |
| Styreleier | Nestleiar | Styremedlem | Styremedlem |

# BALANSE

| Eiendeler | Note | 2019 | 2018 |
|---|---|---|---|
| **Anleggsmidler** | | | |
| **Varige driftsmidler** | | | |
| Finansielle anleggsmidler | | | |
| Investeringer i aksjer og andeler | | 40 000 | 40 000 |
| Sum finansielle anleggsmidler | | 40 000 | 40 000 |
| Sum anleggsmidler | | 40 000 | 40 000 |
| **Omløpsmidler** | | | |
| Fordringer | | | |
| Kundefordringer | 2 | 2 580 | 11 970 |
| Andre kortsiktige fordringer | | 1 463 | 13 723 |
| Sum fordringer | | 4 043 | 25 693 |
| Bankinnskudd, kontanter o.l. | 3 | 412 504 | 340 455 |
| Sum omløpsmidler | | 416 547 | 366 147 |
| Sum eiendeler | | 456 547 | 406 147 |
| **EGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **Opptjent egenkapital** | | | |
| Opptjent egenkapital | | 227 673 | 243 341 |
| Årets resultat | 6 | 37 384 | -15 667 |
| Sum opptjent egenkapital | | 37 384 | -15 667 |
| Sum egenkapital | 6 | 265 058 | 227 673 |
| **Gjeld** | | | |
| **Kortsiktig gjeld** | | | |
| Leverandørgjeld | | 1 152 | 1 188 |
| Skyldig offentlige avgifter | | 86 252 | 65 820 |
| Annen kortsiktig gjeld | 7 | 104 085 | 111 465 |
| Sum kortsiktig gjeld | | 191 490 | 178 474 |
| Sum gjeld | | 191 490 | 178 474 |
| Sum egenkapital og gjeld | | 456 547 | 406 147 |

Einar Almås
**Einar Almås**
Styremedlem

Kristine Aa. Engelsen
**Kristine Aarsand Engelsen**
Styremedlem

Anne-Grete Sandtorv
**Anne-Grete Sandtorv**
Dagleg leiar

# NOTER

## Note 1 - Rekneskapsprinsipp

Årsregnskapet, som er utarbeidet av selskapets styre og ledelse, må leses i sammenheng med årsberetningen og revisjonsberetningen.

### Regnskapslov

Årsregnskapet består av resultatregnskap, balanse og noteopplysninger, og er avlagt i samsvar med regnskapslov og god regnskapsskikk i Norge for små foretak

### Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er basert på de grunnleggende prinsipper og klassifiseringen av eiendeler og gjeld følger regnskapslovens definisjoner. Ved anvendelse av regnskapsprinsipper og presentasjon av transaksjoner og andre forhold, legges det vekt på økonomiske realiteter, ikke bare juridisk form. Betingede tap som er sannsynlige og kvantifiserbare, kostnadsføres.

### Inntektsførings- og kostnadsføringstidspunkt - sammenstilling

Inntekt resultatføres som hovedregel når den er opptjent.Utgifter sammenstilles med og kostnadsføres samtidig med de inntekter utgiftene kan henføres til. Utgifter som ikke kan henføres direkte til inntekter, kostnadsføres når de påløper.

### Varige driftsmidler

Varige driftsmidler føres i balansen til anskaffelseskost, fratrukket akkumulerte av- og nedskrivninger. Ordinære avskrivninger er beregnet lineært over festetiden med utgangspunkt i historisk kostpris.

### Fordringer

Fordringer er oppført til pålydende med fradrag for forventede tap.

## Note 2 - Kundekrav

Kundekrav er bokført til pålydende. Det er avsatt kr 2000 til dekning av tap.

## Note 3 - Bankinnskudd - bundne midler

Av totale bankinnskudd er kr 36 636 bundet til skyldig skattetrekk.

# NOTER

## Note 4 - Lønnskostnader, antall ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte m.m.

| | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Lønninger | 813 383 | 783 450 |
| Arbeidsgiveravgift | 117 162 | 112 999 |
| Pensjonskostnader | 17 551 | 17 905 |
| Andre ytelser | 12 550 | 8 993 |
| Sum | 960 646 | 923 348 |

Gjennomsnittlig antall årsverk: 1

| **Ytelser til ledende personer** | Daglig leder | Styre |
|---|---|---|
| Lønn | 802 976 | 0 |
| Annen godtgjørelse | 9 187 | |

**Pensjonsforpliktelser**
Selskapet er pliktig til å ha tjenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon.
Selskapets pensjonsordninger tilfredsstiller kravene i denne lov.

**Revisor**
Kostnadsført revisjonshonorar for 2019 utgjør kr 7 633,-

## Note 5 - Spesifikasjon av andre driftskostnader

| | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Leie lokaler | 49 146 | 49 413 |
| Utstyr | 323 | 15 240 |
| Regnskapsfører | 71 442 | 72 591 |
| Kurs/arrangement | 50 990 | 33 861 |
| Kontorutgifter | 29 606 | 25 743 |
| Andre driftskostnader/tap på krav | 70 242 | 45 283 |
| Sum Driftskostnader | 271 749 | 242 132 |

## Note 6 - Egenkapital

| | | |
|---|---|---|
| Egenkapital 01.01.2019 | 227 673 | |
| Årets endring i egenkapital | | |
| Årets resultat | 37 384 | |
| Egenkapital 31.12.2019 | 265 058 | |

Kr 30 000,- av overskotet blir satt av til Stordkonferansen 2020.

## Note 7 - Annen kortsiktig gjeld

| | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Skyldige feriepenger | -99 085 | -95 878 |
| Påløpne honorarer | -5 000 | 0 |
| Andre påløpne kostnader | 0 | -15 587 |
| Sum | -104 085 | -111 465 |


HAUGALAND KRAFT
din egen kraft
SNR
VI GIR KRAFT TIL EN STERK OG ATTRAKTIV REGION
Haugaland Kraft er stolt hovedsponsor for Stord Næringsråd. Sammen skal vi styrke og utvikle lokalsamfunnet.
www.hkraft.no
facebook.com/HaugalandKraft

RSM Norge AS

Hatlandsmyro 9 Servicebygget, 5412 Stord
Pb 1291, 5406 Stord
Org.nr: 982 316 588 MVA

T +47 53 40 99 80
F +47 53 40 99 81

www.rsmnorge.no

Til årsmøtet i Stord Næringsråd

**Uavhengig revisors beretning**

**Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet**

*Konklusjon*

Vi har revidert Stord Næringsråds årsregnskap som viser et overskudd på kr 37 384. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2019, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettvisende bilde av organisasjonens finansielle stilling per 31. desember 2019, og av dens resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

*Grunnlaget for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av organisasjonen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske plikter i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

*Øvrig informasjon*

Ledelsen er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon omfatter informasjon i årsrapporten bortsett fra årsregnskapet og den tilhørende revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

*Styrets og daglig leders ansvar for årsregnskapet*

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettvisende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til organisasjonens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

*Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger.

**Uttalelse om andre lovmessige krav**

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 *Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*, mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av organisasjonens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Stord, 4. mars 2020
RSM Norge AS

Martin Eltarvåg
Martin Eltarvåg
Statsautorisert revisor




## Grønare og smartare gjennom samarbeid

NCE Maritime CleanTech samlar deltakarar frå heile den maritime verdikjeda og energisektoren. Gjennom samarbeid i klynge utviklar me nye energieffektive løysingar og banebrytande miljøteknologi som reduserer skadelege utslepp frå maritime aktivitetar.

Følg oss

Lær meir på
maritimecleantech.no

AeronMollier · airseas · Air Liquide · ANEL AS · APPLY CAPNOR · atheno · AQUAPRO · BALLARD · Bergen Havn
BERGEN KOMMUNE · Bertel O. Steen Power Solutions · BEYONDER · BKK · BLOM Maritime · BLUEDAY TECHNOLOGY · BREMNES SEASHORE · BRUNVOLL · BRØDRENE AA
CFD marine · cmr Prototech · corvus energy · DALSEIDE SHIPPING SERVICES AS · DNV·GL · DATA GUMBO · DNB · Eidesvik · eta energi
Evoy · equinor · FAGSKOLEN I HORDALAND · FJELLSTRAND · Forskningsrådet · FUTURE ENERGY SOLUTIONS · Future Solutions · gac · GASNOR A Shell Subsidiary
GREENSTAT · HAUGALAND KRAFT din egen kraft · Haugesund kommune · HardCruise · Huisman · HtreN Fuel Systems · HY2GEN AG · Hydro · HYON
IFE · Innovasjon Norge · INPOWER · KLUGE · Knutsen OAS Shipping · KVÆRNER · Kystrederiene
LEIRVIK · Lloyd's Register · LMG MARIN · LOS · marine aluminium · MARLINK · massterly · MDC · Mecmar AS Mechanical and marine engineering
Misje Rederi AS · MOLNEX ENERGY · Multi Solutions · ncl · NHH · NORCE · NORTH SEA SHIPPING · NORSTEAM · NORLED
norwegian electric systems · ODFJELL · ODFJELL DRILLING · ORCAS · ROGALAND FYLKESKOMMUNE · SCANELEC AS · SERVOGEAR · Selfa · SIEM OFFSHORE
SinOceanic Shipping · siva · Sjøfartsdirektoratet Norwegian Maritime Authority · SKL · SKOLESKIPET GANN STAVANGER · Smart Automation · solbære · SOLSTAD OFFSHORE · STORD KOMMUNE
SparebankenVest · StepSolutions · STRM Industrial Design · SUSTAINABLE ENERGY Norwegian Catapult Centre · TEKNOTHERM · THE SWITCH · uni Research Polytec · UNITECH
UNIVERSITETET I BERGEN · Utkilen · VALHALL NORDIC GREEN PRODUCTS · Vestland fylkeskommune · VOW · VIS · Wave Propulsion · WESTCON · Wilhelmsen
WÄRTSILÄ · YXNEY MARITIME · ZEM · Østensjø Rederi